



Delegert sak

Forslag til endringer i lov om motorferdsel i utmark og vassdrag og forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag

Saksnr.		Dato
046/14	Delegert frå formannskapet	12.09.2014

Saksopplysningar:

Klima- og miljødepartementet har sendt på høyring forslag til endringar i lov 10. juni 1977 nr. 82 om motorferdsel i utmark og vassdrag (motorferdselloven), og forskrift 15. mai 1988 nr. 356 for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag (forskrift for motorkjøretøyer i utmark etc.).

Utgangspunktet er at all motorisert ferdsel i utmark er forbudt, på både bar og snødekt mark, jf. § 3 i motorferdsellova. Motorferdsellova med tilhøyrande forskrifter gjer imidlertid fleire unntak frå dette forbodet. Unntaka knyter seg i all hovedsak til nyttekjøyring.

Også tilgang til opparbeiding av skiløyper for allmennheita og for konkurransar ligg innanfor lovverket. *«Motorkjøretøy på vinterføre kan nyttas til opparbeiding og preparering av skiløyper og skibakker for allmennheten og for konkurransar, når det foretas av kommuner, hjelpekorps, idrettslag, turlag eller turistbedrifter.»*

Forslaga gjeld innføring av tilgang til å etablere snøscooterløyper for *fornøyleskjøring*. Ved etablering av faste løyper for fornyelseskjøring må desse leggst inn i arealplan eller reguleringsplan.

Kommuneplanen sin samfunnsdel seier dette om snøscooterkjøring:

«Norddal kommune ønskjer å vere ein kommune med høg merksemd om miljøet, i vidaste tyding. Kommunen skal»... «føre ein restriktiv politikk for motorisert ferdsel på barmark, likeeins for bruk av snøskuter og liknande vinterstid».

Vurdering:

Kommunen har vedteke å føre ein restriktiv politikk når det gjeld motorisert ferdsel på barmark.

I Norddal kommune har det ikkje vore registrert nokon interesse for å etablere snøscooterløyper for fornyelseskjøring. Rådmannen vurderer det slik at etablering og bruk av slike løyper fort vil gje konflikstar, både langsetter løypene, og ved at brukarane køyrer utanom fastlagte løyper.

Frå reiselivsnæringa har vi fått spørsmål om det kan vere aktuelt å tillate frakt av turistar i regi av reiselivsbedrifta. Dette vil lett handterast innanfor gjeldande regelverk, og vi ser det som ein fordel for reiselivsnæringa at slik køying må skje i regi av næringa.

Ved å tillate fornøyelseskøying ser vi problem i forhold til:

- Naturoppleving
- Vilt
- Turistnæring, eksisterande og framtidig
- Verneområde

Saka handsamast som delegert sak, og går som orienteringssak til formannskapet.

Vedtak:

Norddal kommune viser til vedtak i kommuneplanen:

«Norddal kommune ønskjer å vere ein kommune med høg merksemd om miljøet, i vidaste tyding. Kommunen skal»... «føre ein restriktiv politikk for motorisert ferdsel på barmark, likeeins for bruk av snøskuter og liknande vinterstid».

Norddal ønskjer for sin del ikkje å opne snøscooterløyper for fornøyelseskøying.

Kommunen ser det som meir hensiktsmessig å styre slik ferdsel gjennom det lovverket ein har i dag, der det er gitt opning for næringsmessig køying og for opparbeiding av skiløyper og skibakkar.

Liv Marit Nystad